


Sak

KOMUNEPLANKART FOR ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	05.03.87	Brev fra Ål kommune til U.O.	
2	23.04.87	Purrebrev fra Ål kommune til U.O.	
3	22.05.87	Brev fra U.O. til Ål kommune	



ÅL KOMMUNE

TORGET 1 - 3570 ÅL
TLF: 067/81 011
POSTGIRO: 5 50 09 05
BANKGIRO: 2320.20.29 531

21

DANSK FAS. TILBUDSEN	
11-200658	06.MAR.87
PON	ARK.Nr

Universitetet i Oslo
Oldsaksamlingen,
Fredriksgt. 2,
0164 OSLO 1

UTTALE TIL KOMMUNEPLANKART FOR ÅL KOMMUNE

Kommuneplanutvalet for Ål vedtok på møte den 04.02.87 at det utarbeidde kommuneplankartframlegg som viser arealdisponeringa i kommunen skulle leggjast ut til offentlig ettersyn i samsvar med § 20 - 5 i plan- og bygningslova. Planframlegget med vedlegg vert samtidig sendt fylkeskommunen, berørte statlege organer og andre som kan ha interesser i planarbeidet.

Som det framgår av vedlegg til plankartet gjeld framlegget ei utpeiking med avgrensing av områder der det kan tillatast hytteutbygging etter utarbeidd og godkjendt reguleringsplan. Områdene er vist med skravering på kartet, og med nr. frå 1 - 12.

I tillegg vedtok utvalet med 3 mot 2 røyster hyttebygging i området inntil Syningen skytefelt der saksbehandlar tilrådde at utvalet skulle imøtekome merknader frå Miljøverndepartementet, jfr. side 3 i vedlagt utgreiing.

Soneplanane og reguleringsplan for Kleivi er medtekne slik at kommuneplankartet egentleg representerer den samla arealdisponeringa i kommunen.

Soneplanane som vart godkjent av Miljøverndepartementet den 6. mai 1986 skal gjelde fram til 1. juli 1989. Utarbeiding av reguleringsplanar skal skje i samsvar med dei avsette utbyggingsareal i soneplanane inntil desse er revidert og godkjent som kommunedelplanar.

Eventuelle merknader til kommuneplankartet med bestemmelsar ber ein om vert sendt Kommuneplanutvalet i Ål, Torget 1, 3570 Ål, innan 13.04.1987.

Ål, den 5. mars 1987
for KOMMUNEPLANUTVALET

Sigmund Øyrhagen
Sigmund Øyrhagen
sekretær

Vedlegg:

- Kopi av møteboka til kommuneplanutvalet sak 6/87
- Kopi av godkjenningsskriv frå Miljøverndepartementet 6. mai 1986
- Kopi av kommuneplankartet i M=1:125.000
- Kopi av utgreiing til kommuneplanens arealdel datert 04.02.87
- Kopi av liste som viser kven planen er utsendt til

SAK 3/87. **GODKJENNING AV KOMMUNEPLANKARTET I M=1:50000 MED BESTEMMELSAR OG UTGREIING. NEDFOTOGRAFERING AV PLANKARTET TIL M=1:100000.**

Planleggaren har no teikna inn dei endringar på kommuneplankartet som utvalet gjorde vedtak om på møte den 6. november 1986. Arealdisponeringa skulle etter dette vera ferdig utarbeidd.

Til planen er utarbeidd bestemmelsar og det er skrivi ei kort utgreiing som fylgjer som vedlegg til planen.

Etter godkjenning av kommuneplanutvalet skulle planen med bestemmelsar og utgreiing då vere klar for utsending til høyring og utlegging til offentleg gjennomsyn.

Når merknadane til planen er innkome skal kommuneplanutvalet handsame desse, og dersom det ikkje vert gjort vedtak om endringar, er planen med vedlegg klar til handsaming i formannskap/kommunestyre.

For å spare tid med fargelegging av dei karta som skal ut til høyringsinstansane vil ein etter samråd med fylket tilrå at kommuneplankartet i M=1:50000 vert nedfotografert til M=1:100000. Ein vil då få ein kartstorleik som berre er ein 1/3 av det store plankartet.

Ein kan elles opplyse at Plan- og Næringskontoret har gitt muntleg tilsagn om kr. 20.000,- som kommunen skal bruke til arbeidet med kartmateriellet.

VEDTAK:

Planen med bestemmelsar og utgreiing vert vedteken oversendt bygningsrådet som vert bedt om å legge planen ut til offentleg gjennomsyn i samsvar med § 2C - 5 i plan- og bygningslova. Utkast til kommuneplankart med vedlegg vert elles å sende til uttale slik som vedteke i sak 5/87.

Eit fleirtal på tre røysta for at buffersona rundt Syningen militær-område skal utleggjast til hyttebygging.

Framlegget lydte slik:

I buffersonen for Syningen skyte- og øvingsfelt vert det å legge inn hyttefelt etter nærare vurdering av grunneigarane, bygningsrådet og Forsvarets Bygningsteneste, jfr. vedtak i Ål formannskap, sak 141/86 og brev frå F.B. av 18.02.86, pkt. 3, 2. avsnitt.

Mindretalet på to røysta for fylgjande framlegg:

Til generalplan hadde forsvarsdepartementet merknad til at Syningen skytefelt er utsett for støy, og at det derfor ikkje må gjevast løyver til hyttebygging i dette området, jfr. godkjenningsskriv av 6. mai 1986 frå Miljøverndepartementet, som er vedlagt.

Mindretalet meiner at Miljøverndep. sin merknad skal takast til fylgje.

Det vart samrøystes vedteke å tilføye fylgjande til bestemmelsane mellom andre og tredje innramminga:

"... og etter utarbeidd og godkjent driftsplan.
For andre disposisjonar viser ein til § 7."



Går til *byggningsavdelinga teknisk etat*
 til uttale *kunnskiping*
 Al fornamningskomiteer *9/5-1986*
[Signature]

DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 90 10
 TELEKS 18990 en

POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., 0030 OSLO 1

Ål kommune

3570 ÅL

103
[Handwritten signatures]

P-154

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)

Dato

P 86-378- LL/SB

Frå - i gen. plan utvalgt.

6 MAI 1986

GODKJENNING AV GENERALPLAN FOR ÅL KOMMUNE FOR PERIODEN 1980-91. STADFESTING AV GENERALPLANVEDTEKT.

Vi viser til brev av 21. november 1985 frå fylkesmannen i Buskerud med oversending av kommunestyret sitt generalplanvedtak 27 september 1984 for godkjenning.

Godkjenning av generalplanen.

Det er i kommunen sitt brev av 25. mars 1985 og i breva frå fylkeskommunen 19. april 1985 og 30. august 1985 og fylkesmannen 21. november 1985 ikkje peika på konflikter i planen som skal avgjerast sentralt.

Den sentrale behandlinga av planen er gjort i samråd med Kommunal- og arbeidsdepartementet, Landbruksdepartementet, Forsvarsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Riksantikvaren.

Vi har på dette grunnlag desse merknader:

Forsvarsdepartementet syner til at områdene synt som jord-, skog- og naturområdene inntil Syningen skytefelt er utsett for støy, og at det difor ikkje må gjevast løyve til hyttebygging i dette området. Forsvarsdepartementet ber vidare om at skytefeltet vises som fareområde i planen, og at støysona blir vist som i det framlegg til reguleringsplan som ligg føre. Miljøverndepartementet ber om at dette blir tatt opp i det vidare planarbeidet. Vi viser elles til at generalplanvedtekten ikkje kan begrense Forsvarets anlegg og virksomhet i jord-, skog- og naturområdene.

Da planen ikkje gir god nok avklaring av kultur- og fornminner tar vi generelt atterhald i høve til desse interessene, jf. fråsegna fra fylkeskommunen.

Med dette seier Miljøverndepartementet seg i medhald av § 20 nr.4 i bygningslova av 18. juni 1965 samd i generalplanen, slik den er vedteke av kommunestyret 27. september

1984.

Godkjenninga knyter seg til oversiktskart over kommunen og soneplankart for Sundre (Ål sentrum), Torpo, Votndalen, Leveld, Vats og Kleivi, gitt Miljøverndepartementet si påteikning i dag.

Stadfesting av generalplanvedtekt.

Miljøverndepartementet stadfester i medhald av § 21, jfr. § 27 i bygningslova av 18. juni 1963 kommunestyret sitt vedtak 27. september 1984 om generalplanvedtekt etter bygningslovas § 21 fyrste ledd bokstav a.


Vedtekta gjeld for heile kommunen, med unntak for områder der det føreligg reguleringsplanar og disposisjonsplanar godkjent av fylkesmannen.

Vi ber om at kommunen kunngjer generalplanvedtekta.


Generalplanvedtekta vil bli tatt inn i Norsk Lovtidend, Avdeling II.

Eit eksemplar av vedtekta og vedtektskarta ligg ved.

Med helsing



Rakel Surlien



Jan Sandal

Vedlegg

Gjenpart til:
 Buskerud fylkeskommune
 Fylkesmannen i Buskerud
 Kommunal- og arbeidsdepartementet
 Landbruksdepartementet
 Forsvarsdepartementet
 Samferdselsdepartementet

ÅL KOMMUNE, TEKN. ETAT	
J.nr.	804 10 82
Arkiv:	503
GÅR TIL:	
.....	
TIL ORIENTERING:	
.....	
.....	
.....	



DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 90 10
POSTADRESSE: POSTBOKS 8013 DEP., OSLO 1

P 86-378

P-155

6 MAI 1986

GENERALPLANVEDTEKT ETTER § 21 FØRSTE LEDD BOKSTAV a I BYGNINGSLOVA FOR ÅL KOMMUNE

I medhald av § 21, jfr. § 27 i bygningslova av 18. juni 1965 har Miljøverndepartementet idag stadfesta kommunestyret sitt vedtak 27. september 1984 om generalplanvedtekt. Vedtekta lyder slik:

I

Denne generalplanvedtekta knyter seg til generalplanvedteke av kommunestyret 27. september 1984, og slik den er godkjend av Miljøverndepartementet i dag.

II

Vedtekten omfattar heile kommunen, med unntak for områder der det føreligg stadfesta reguleringsplaner og disposisjonsplaner som tidligere er godkjent av fylkesmannen.

III

Arealbruken i vedtektsområdet er vist på generalplankart i målestokk M=1:50 000, , samt fylgjande soneplankart:

- | | |
|------------------------|-------------|
| a. Sundre (Ål sentrum) | M= 1:5 000, |
| b. Torpo | M= 1:5 000, |
| c. Votndalen | M= 1:5 000, |
| d. Leveld | M= 1:5 000, |
| e. Vats | M= 1:5 000, |
| f. Kleivi | M= 1:5 000, |

Karta er gjeve Miljøverndepartementet si påteikning i dag.

IV

Innanfor dei områda som er nemnd under pkt. II kan grunn ikkje takast i bruk til formål som i vesentleg grad vil vanskeleggjera den utnytting som er føresett i generalplanen, jfr. pkt. III.

Denne vedtekten treng i kraft straks og gjeld i inntil 10 år frå stadfestinga.



6 MAI 1986

Stadfestet den

19


for fullmekt

[Handwritten signature]

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.







For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

postmottak@khm.uio.no



KOMMUNEPLAN FOR ÅL

TEGNFORKLARING

-  Byggeområder tettstadar som det skal utarbeidast kommunedelplan for, jfr. bestemmelsane nedanfor
-  Avgrensing av utarbeidd reguleringsplan for Kleivi
-  Landbruks-, natur og friluftsområder
-  Landbruks-, natur- og friluftsområder. Sone for fritidsbebyggelse, jfr. bestemmelsane nedanfor inndelt i områder 1 - 12.
-  Naturvernområde. Planen er under arbeid
-  Forsvarets sitt område

K O M M U N E P L A N F O R Å L

UTGREIING TIL KOMMUNEPLANKARTETS AREALDISPONERING

UTGREIING TIL KOMMUNEPLANKARTETS AREALDISPONERING FOR ÅL KOMMUNE

I den nye plan- og bygningslova er det bestemt at det i kvar kommune skal utarbeidast ein kommuneplan, og at det minst ein gong i løpet av kvar valperiode skal kommunestyret vurdere kommuneplanen samla, og om nødvendig føreta endringar.

Gjennom arealdelen av kommuneplanen kan kommunen delast inn i byggeområde, landbruks-, natur- og friluftsområder, områder for råstoffutvinning og områder som er eller skal båndleggast for nærare angitte føremål i medhald av lov.

"§ 20 - 6 VIRKNINGER AV KOMMUNEPLANEN

Kommuneplanen skal legges til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen.

Arbeid og tiltak som nevnt i §§ 81, 84, 86 a, 86 b, og 93 samt fordeling av eiendom til slike formål må, når ikke annet er bestemt, ikke vere i strid med arealbruk eller bestemmelser fastlagt i endelig arealplan. Det samme gjelder andre tiltak som kan vere til vesentlig ulempe for gjennomføringen av planen. For områder som skal båndlegges for nærare angitte formål i medhald av denne eller andre lover, jfr. § 24 - 4 første ledd nr. 4, er virkningen av arealdelen begrenset til 4 år fra planen er vedtatt av kommunestyret. Departementet kan etter søknad fra kommunen forlenge virkningen med inntil 2 år.

Når ikke annet er bestemt, gjelder kommuneplanens arealdel foran eldre rikspolitiske bestemmelser, reguleringsplan og bebyggelsesplan, men faller bort i den utstrekning den strider mot slike bestemmelser som senere blir gjort gjeldende.

"§ 20 - 5 BEHANDLING AV KOMMUNEPLANEN

I god tid før utkast til kommuneplan behandles i kommunestyret skal kommunen sørge for å gjøre de mest aktuelle spørsmål i kommuneplanarbeidet kjent på en måte den finner hensiktsmessig, slik at de kan bli gjenstand for offentlig debatt.

Utkast til kommuneplan sendes fylkeskommunen, berørte statlige organer og organisasjoner m.v. som har særlige interesser i planarbeidet til uttalelse og legges ut til offentlig ettersyn som fastsatt i § 27 - 1. Det kan settes en frist for å avgi uttalelse, som ikke må vere kortere enn 30 dager. Saken legges deretter frem for kommunestyret til avgjørelse.

Har fylkeskommunen eller berørte statlige fagmyndigheter hatt innsigelser til kommuneplanens arealdel, skal arealdelen etter vedtak i kommunestyret sendes departementet til godkjenning, dersom kommunestyret ikke har tatt hensyn til innsigelsene. Departementet kan i den forbindelse gjøre de endringer i planen som finnes påkrevd.

Når samlet kommuneplan, arealdel eller rullert handlingsprogram er vedtatt av kommunestyret med rettsvirkning, skal det sendes et eksemplar til departementet, fylkesmannen, fylkeskommunen og berørte statlige fagmyndigheter til orientering.

Selv om fylkeskommunen eller berørte statlige fagmyndigheter ikke har hatt innsigelser mot kommuneplanens arealdel, kan departementet, etter at kommunestyret er gitt høve til å uttale seg, foreta endringer i planen ut fra nasjonale interesser. Kommunen må vere underrettet om at planen

vil bli endret innen 3 måneder etter at departementet har mottatt den. Når planen er endelig skal den kunngjøres på hensiktsmessig måte i kommunen. Departementets vedtak om å godkjenne eller endre arealdelen kan ikke påklages. Reglene i denne paragraf gjelder tilsvarende for behandling av kommuneplanens arealdel eller handlingsprogram som omfatter deler av kommunen eller bestemte virksomhetsområder. Ved revisjon av kommuneplanen eller av hovedelementene i slik plan alene gjelder bestemmelsene i denne paragraf og § 33 tilsvarende."

Etter lang tids arbeid i kommuneplanutvalet har ein no kome fram til ei samla arealvurdering med vedtak som omfattar heile kommunen.

Kommuneplanen omfattar dei områdene som vart godkjent 6. mai 1986. Desse planane var så godt gjennomarbeidd i 1986 at ein ikkje ser noko grunnlag for revisjon no. Målsettinga er at soneplanane vert revidert ved fyrste gongs revisjon d.v.s. seinast innan 1. juli 1989. Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal arealdisponeringa i soneplanane fylgjast inntil desse vert revidert og gitt rettsvirkning som kommunedelplanar.

Al kommunestyre vedtok på møte den 26. juni 1986 innføring av etterfylgjande føresegner om mellombels plankrav etter § 117 i plan- og bygningslova av 14. juni 1985:

"I Al kommune kan det i 3 år fra ikrafttreden av lov nr. 77 plan- og bygningslov av 14. juni 1985 ikkje settast i gang arbeid eller tiltak som nemd i same lov §§ 84 og 93 utan etter løyve fra bygningsrådet før området inngår i arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplan. Det same gjeld for andre tiltak, til dømes frådeling, som vesentleg kan gjere planlegginga vanskeleg.

Anlegg som blir fremma etter godkjent vegplan etter veglova er unnateke fra desse føresegnene."

SPREDT BUSTADBYGGING

Spredd bustadbygging har ikkje vore noko problem i Al kommune. Kommuneplanutvalet har difor gått inn for at spredd bustadbygging kan som før tillatast på gardsbruk, dette gjeld oppføring av generasjonsbustad eller kårbustad. Løyve til slik bygging må skje i overensstemmelse med krava til jordvern, tekniske- og hygieniske løysingar. Når forholda elles er gunstige utfrå ei landbruksfagleg vurdering, og med hensyn til tekniske løysingar og avkjørsel, kan spredd boligbygging i enkelte tilfelle tillatast innafor landbruks-, natur- og friluftsområdene. Med spredd bustadbygging meiner ein ikkje gruppebebyggelser på 2 eller fleire bustadhus. Til slik utbygging krevst reguleringsplan.

FRITIDSBEGYGGELSE

Kommuneplanutvalet har etter synfaringar og nøye vurdering avsett 12 områder i planen der det kan tillatast oppføring av hytter. Utbygging innafor områda kan berre skje etter utarbeidd og godkjent reguleringsplan. Dei områda innafor sonene er så store at utvalet reknar med at problem med areal til hyttebygging ikkje kan oppstå i planperioden. I fyrste fireårsperioden er behovet dekket med dei reguleringsplanar som er godkjent og eit par stykker som er i sluttbehandlingsfasen.

Ser ein på utviklinga av hyttebygginga i kommunen så har denne gått sterkt

nedover. I perioden 1965 - 1975 var talet på godkjente byggemeldingar ca. 75 pr. år, frå 1976 - 1983 ca. 40 og for 1984 - 1985 og 1986 var tala h.h.v. 17 - 19 og 20. Kommunen ser på dette som ei tilfredsstillande utvikling.

FRITIDSBEBYGGELSE

Dei avsette sonene 1 - 12 har i hovudsak tilslutning frå grunneigarlag og frå ei landbruksfagleg vurdering. Ein vil presisere at utbygging innafor sonene kun kan skje etter godkjent reguleringsplan som tek omsyn til alle interesser.

Hyttebygging utanfor dei avsette områdene vil ikkje verta tillatt. Dette gjeld ikkje utleiehytter som vert nytta som attåtnering i jordbruket, og som ledd i ei lønsam drift.

I utgangspunktet bør ikkje hyttebygging eller anna spredt bygging oppførast nærare vassdrag enn 100 m. Det bør også vera 30 m til veg som er åpen for almen ferdsel, målt frå midtlinja i vegen. Desse reglane kan vurderast i kvart enkelt tilfelle. Ein veit av erfaring at terrengformasjonen kan vera slik at også 50 m til vassdrag (strandline) er nok. Det kan også i visse høve t.d. vera tilfredsstillande med 15 m til midtlinje av veg.

Eit sentralt mål er at det i tilknytning til utbyggingsområda vert rekna store nok friluftssareal. Dette er det teke omsyn til i kommuneplanen for Al.

Ved all framtidig fritidsutbygging må det takast omsyn til naturvern, vilt-, friluft-, og kulturverninteresser (fornminner). Målsettinga må vera å bevare eit tverrsnitt av naturkvalitetar, hindra eller redusera skadeverknadar i samband med inngrep. Vassressursane må haldast reine, og om nødvendig må vasskvaliteten bedrast.

FORSVARET SITT OMRÅDE

Til generalplan hadde forsvarsdepartementet merkand til at områdene synt som landbruks-, natur- og friluftsområde inntil Syningen skytefelt er utsett for støy, og at det difor ikkje må gjevast løyver til hyttebygging i dette området, jfr. godkjenningsskriv frå Miljøverndep. dagsett 6. mai 1986.

Merknaden er teken til fylgje. I eit avgrensa område utanfor Syningen skytefelt som er vist på planen, og som er utlagt til landbruks-, natur- og friluftsområde vil det ikkje verta tillatt hyttebygging.

VERNEOMRÅDE

Kommuneplanutvalet tilrår at det vert utarbeidd verneplan for Fødalen Statsalmening. Planen bør utarbeidast etter lov om naturvern av 1970.

Området som planen omfattar må regulerast slik at jakt, fiske og bruk av beite skal kunne føregå som no. Miljøvernavingdelinga i fylket vil vera behjelpeleg med å utarbeide planen. Arbeidet vil ta til i 1987.

Planens areal framgår på kommuneplankartet.

KULTURMINNER

På kommuneplankartet er det ikkje teke med kulturminner. Det føreligg no eit godt registreringsarbeid når det gjeld kulturminne. Kulturplan for kommunen er planlagt utarbeidd i 1987. Kartmaterialet samt beskrivelser vil verta innarbeidd i kulturplanen som skal vedleggjast den reviderte kommuneplanen.

DEN VIDARE SAKSGANG MED PLANEN

Som nemnt i sak 4 vil planen dersom den no vert godkjent i utvalet kunne fylgje slik saksgang:

- Oversending til bygningsrådet som vert bedt om å legge planen ut til offentleg gjennomsyn i samsvar med § 27 - 1 i plan- og bygningslova.
- Kommuneplanutvalet handsamar dei innkomne merknadane.

I tillegg til at planen vert lagt ut til offentleg gjennomsyn må det innhentast uttale frå fylgjande høyringsinstansar:

Utanfor kommunen:

- Fylkeskommunen, plan- og næringskontoret, Haugesgt. 89, 3000 Drammen
- Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernadv., Haugesgt. 89, 3000 Drammen
- Fylkeslandbruksstyret i Buskerud, Haugesgt. 89, 3000 Drammen
- Forsvarets distriktsingeniør/Opland, Boks 175, 2301 Hamar
- Vegsjefen i Buskerud, Boks 2265, Strømsø, 3001 Drammen
- NSB Bergen distrikt, Strømggt. 2, 5000 Bergen
- Fylkeskonservatoren i Buskerud, Drammens Museum, Konnerudgt. 7, 3000 Drammen
- Universitetet i Oslo, Oldsaksamlingen, Fredriksgt. 2, 0164 Oslo 1
- NVE, Norges vassdrags- og energiverk
- Direktoratet for Statens skoger
Oslo Lysverker
- Nabokommunane = Hol, Hemsedal, Nes, Gol og Lærdal

Innafor kommunen:


- Al bygningsråd
- Al energiutval
- Al fjellstyre
- Al friluftsnemnd
- Al innlandsfiskenemnd
- Al kulturutval
- Al landbruksnemnd
- Teknisk utval
- Al viltnemnd
- Al Reiselivslag

Etter at kommuneplanutvalet har handsama dei innkomne merknadane, og dersom det ikkje vert gjort endringar som medfører ny utlegging, skal planen leggjast fram for kommunestyret til avgjerd, jfr. § 20 - 5.

"Har fylkeskommunen eller berørte statlige fagmyndigheter hatt innsigelser til kommuneplanens arealdel, skal arealdelen etter vedtak i kommunestyret sendes departementet til godkjenning, dersom kommunestyret ikke har tatt hensyn til innsigelsene. Departementet avgjør om innsigelsene skal tas til følge. Departementet kan i den forbindelse gjøre de endringer i planen som finnes påkrevd."

VEDTAK:

Ovanforstående vart samrøystes vedteke i møte 04.02.1987



ÅL KOMMUNE

TORGET 1 - 3570 ÅL
TLF: 067/81 011
POSTGIRO: 5 50 09 05
BANKGIRO: 2320.20.29 531

1 / 2

OLDSAKSAMLINGEN	
Dir 381037	23 APR 87
Saks. PON	ARK.Nr.

Universitetet i Oslo
Oldsaksamlingen,
Fredriksgt. 2,

0164 OSLO 1

VEDK. UTTALE TIL KOMMUNEPLANKART

Ein viser til skriv dagsett 4. mars d.å. med kommuneplankart og vedlegg for Ål kommune. Frist for uttale vart sett til 13. april d.å.

Kommuneplanutvalet har pr. i dag ikkje motteke nokon uttale frå Dykk. Etersom ein ikkje har høyrte noko frå Dykk innan fristens utløp går ein utfrå at De ikkje har merknader til planen. Når det gjeld uttalefristar viser ein til Plan- og bygningslovas § 20 - 5.

Ål, den 22. april 1987
for ÅL KOMMUNEPLANUTVAL


Sigmund Øyrehagen
sekretær

[Faint, illegible text, possibly a stamp or additional notes]

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Al kommune
Torget

3570 AL

OSLO, 22. mai 1987

SAKSBEHANDLER:

K O P I

DERES REF.: Sigmund Øyrehagen

VAR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

658/87 og 1037/87 PON/bha

UTTALE TIL KOMMUNEPLANKART FOR AL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 5. mars 1987 og til Deres brev av 22. april 1987.

Vi gjør oppmerksom på at Universitetets Oldsaksamling har 3 måneders uttalelsesfrist, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, § 9.

Det er tidligere registrert fornminner på det økonomiske kartverket for Al kommune. Alle tidligere registreringer i kommunen er avmerket på eksisterende ØK. Nevnte registreringer er ikke tilfredsstillende. De har i mindre grad fått med seg fornminner i form av kullgroper, dyregraver, jernvinneplasser og slagghauger, steinalderboplasser, tufter og spor etter gammel gårdsdrift.

En må regne med at det finnes mange uregistrerte fornminner i utmark i Al kommune. Vi har dessverre for dårlig grunnlag til å uttale oss om hvor det er flest fornminner.

Vi står gjerne til tjeneste med hjelp til å utarbeide et kart/en oversikt over fornminner/oldfunn i Nes kommune. Dessverre har de fast ansatte ikke tid og kapasitet til å gjøre dette, men vi kan, hvis Al kommune ønsker det, engasjere en student på timebetaling til å utføre dette arbeidet. Utgiftene må bæres av Al kommune.

Vi står også til tjeneste med hjelp med opplysninger i forbindelse med utarbeidelse av planer.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget
magister